

DAG OG TID

ABONNEMENT TLF.: 21 50 47 47
E-POST: tinging@dagogtid.no



Foto: Scanpix

DET LEIKADE FOLK NEDI KAVET. Kalenderen har synkronisert to høgtidsdagar og plassert dei i det våte element denne veka. Nymfene på biletet heiter ikkje Mai Sytten og Kristi Himmelfart, slik ein skulle tru, men Nadine Brandl og Livia Lang. Dei er austerriske, og den siste fekk sjølvsgatt ikkje namnet sitt etter det mora spurde jordmora om etter fødselen. Men at baa jentene tenkjer på bokmål og tek synk-en i synkron for bokstaveleg, er heva over tvil.

ODD W. SURÉN

Tre favorittar

Skriftsnitt frå arkitekturen

1. **TELEFON** er skrifta frå dei gamle rau- de norske telefonkioskane.

Jula for to år sidan fekk Sindre Bremnes boka om historia til den norske telefonkiosken i gåve frå dottera. Den rau- de funkisperla var pryda av Georg Fr. Fastings bokstavar, og det var desse seks versalane kombinert med inspirasjon frå gamle gateskilt i Oslo, som ende opp som den geometriske sansserifen Telefon.

Bremnes har arbeidd med skriftsnittet på fritida i to år, før han i år tek eitt steg vidare: Saman med kollega Frode Helland startar han no Noregs fyrste skriftforlag under namnet **Monokrom**.

2. **ORPHEUS** er eit klassisk skriftsnitt inspirert av Trajan-søyla i Roma. Skrifta vart opprinneleg laga av *Walter Tiemann* i 1936, men vart aldri særleg kjend utanfor Tyskland. Skrifta forsvann heilt under krigen, og var knapt i bruk før skriftforlaget *Canada Type* fann att skrifta, og gav ut ein ny og kraftig utvida versjon i 2011.

Det mest imponerende med Orpheus er alle bokstavvariantane: det er laga over tusen ulike variantar av dei ulike skriftteikna, slik at ein verkeleg kan variere skriftbiletet. Skrifta har òg *nokre overraskande, velformte og lukkelege kursivar, med Flagrande Versalar og anna Sjesj.*

3. **FUTURA** var den fyrste verkeleg populære geometriske sansserifen. Paul Renner skapte skrifta i 1927, sterkt påverka av Bauhaus-stilen. Futura vart umiddelbart svært populær i heile Europa, og har seinare spreidd seg til resten av verda. I tillegg har skrifta hatt stor innverknad på så og seie alle seinare sansserifar.

Futura er brukt til svært mange ulike føremål, men er kanskje best kjend som den klassiske «Ikea-skrifta», fram til dei skifta til traurige og pregause Verdana i 2009.

ERIK BOLSTAD



DT-diktet

GAIUS VALERIUS CATULLUS

Våren kjem –

Våren kjem med signa dagar.

Lufta blir så linn og ljøs.

Milde vestavindar jagar

vinterstormane sin kos.

Farvel, rike kvalme dalar

i Nikéa, Frygia:

Eg vil fara til dei fræge

byane i Asia!

Hjarta slår i tronge bringe,

lengtar ut i vide verd.

Foten danse vil og springe,

lyster fara ut på ferd.

Lev då vel, de kjære vener!

Saman fór vi frå vår heim.

Ein gong visst på skilde vegar

kjem vi att frå vide sveim.

Til norsk ved Erik Eggen

Or *Dikt*,
Det Norske Samlaget 1978

Kontekst



Etter ei grundig evaluering seier vi oss no nógde med ein noko lågare grad av måloppnåing enn det var kalkulert med i den opphavlege visjonen.

På steingrunn

Står du til halsen i skit,
nyttar det ikkje
å hengje med hovudet